

## Kunnskap om koronasituasjonen og tiltak sett i verk p.r. 1. mai 2020

Fylkesrådmannen vurderer at staten har stort ansvar for å avbøte situasjonen for kulturfeltet sidan staten har mynde og ansvar for vedtak gjort etter smittevernlovgivinga. Fylkeskommunen har ikkje mynde etter smittevernlova, kanskje med unntak av innan tannhelsetenesta.  
Det er allereie sett i gang ei rekke avbøtande tiltak. Dei viktigaste aktørane nasjonalt og regionalt har tatt tak i dette og førebels er dette sett i verk:

### Regjeringa:

- krisepakke med tiltak ovanfor sjølvstendig næringsdrivande, også kulturfeltet. Der ein m.a.
- etter 16 dagar (arbeidsgivarperioda) kan frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande få 80 prosent av gjennomsnittet av de siste tre års inntekter, opp til 600.000 kr. Ein har også rett på sjukepengar frå den tredje dagen og omsorgspengar frå dag fire.
- Det er også opna for akutt sosialhjelpe til frilansarar og næringsdrivande frå dag éin.
- Ei bransjeretta kompensasjonsordning på 300 mill. kr som gjeld for mars og april for kultursektoren. Kulturrådet forvaltar ordninga
- Kompensasjonsordning for idrett og frivillig sektor på 700 mill. for perioden mars og april. Denne er forvalta av lotteri og stiftelsestilsynet. Det er kome inn 2 324 søknader frå idrett, frivilligkeit og kultur om statleg kompensasjon ved søknadsfristens slutt. Til saman er det søkt om 371 millionar kroner.
- Felles for begge ordningane er at dei er søknadsbasert og gjeld:
  - kompensasjon for en del av netto tapte inntekter i forbindelse med at et kultur- eller idrettsarrangement vert avlyst eller utsett, som følge av styresmaktene som pålegg stenging av eit arrangement som var planlagt før påleddet.
  - Søkjarane vil måtte dokumentere tap ein søker dekka.
  - Tap som vert dekka på annan måte, t.d. gjennom forsikring eller avtaleklausular vert ikkje dekka.
  - Offentlege verksemder eller selskap der hovuddelen av inntektene er offentleg driftstilskot, er ikkje omfatta av ordninga.
  - Arrangement med færre enn 50 deltakarar vert ikkje omfatta av ordninga.

Det er kome noko kritikk av kompensasjonsordninga. M.a. at den ikkje omfattar vesentlege inntekter for frivillig sektor gjennom dugnadsarbeid og «vaffelsal».

Krisepakke for næringslivet vert kritisert m.a. for vilkåret om grunnfrådrag i tillegg til at det er faste kostnader over ein sum som vert lagt til grunn og dette favoriserer større verksemder. Eit døme viser at det først er tap over 18 400 i månaden som vert lagt til grunn. Næringsverksemdin innan kultur er ofte prega av enkeltmannsføretak og mange kan ikkje vise til så store månadlege faste tap, og kjem difor ikkje inn under ordninga.

Kulturministeren har varsla at det vert sett på endringar i neste tiltakspakke som vert lansert etter april.

### Kulturrådet

Kulturrådet er i tett dialog med kultursektoren, og følger situasjonen frå dag til dag.

- Forvaltar Kulturdepartementet si nye kompensasjonsordning på 300 millionar kroner målretta mot kultursektoren. Det har kome 509 søknader om kompensasjon for arrangørar i kultursektoren. Totalt søknadsbeløp var på 359 millionar kroner. Signalet er at alle som oppfyller retningslinene vil få tilskot, om det omsøkte beløpet frå desse er over 300 mill. vert tilskotet avkorta for alle.
- Etablerer eiga ordning for kunst- og kulturprosjekt som er tilpassa korona-pandemien.
- Vil ikkje krevje tilbake midlar som er bruk til å planlegge arrangement som vert avlyst som følge av koronaviruset. Dette gjeld ut april.
- Søknadshandsaming og utbetaling av tilskot går som normalt og alle søknadsfristar er opprethaldt.
- Løyver kunstnarstipend/arbeidsstipend.

Verksemder som har over 60 % offentleg finansiering vert ikkje omfatta av ordningane.

### Bergen kommune

Som vertskap for ei rekke institusjonar innan kunst og kultur og idrett og friluftsliv og eit variert næringsliv innan kunst og kultur er Bergen kommune ein viktig aktør for kultur- og idrettsfeltet. Dei var tidleg ute med signal til feltet om:

- Vil ikkje krevje attende løyvde midlar
- Etablerer ei midlertidig tilskotsordning for det profesjonelle kunst og kulturfeltet. Der mange kunstnarar mister oppdrag og inntektsgrunnlag, mens innbyggjarane mister kulturopplevingar. Ordninga skal støtte ulike innovative prosjekt som kan gjennomførast på kort sikt og innanfor gjeldande restriksjonar og avgrensingar som virussituasjonen pålegg oss. Døme på dette kan være strøymefestivalar eller pop-up scener.
- Føremålet er å gi tilskot til prosjekt som skal fungere som erstattning for fast planlagt aktivitet innan alle fagfelt.
- Etablere krisepakke for feltet

Det er også andre tiltak som vert sett i verk. T.d. å framskynde utbetaling av tilskot, utsett rapporteringsplikt innan mange ordningar innan kunst og kulturfeltet.

Den 22.04. vart det vedteke ei lokal tiltakspakke under koronakrisen 2020 der ei rekke tiltak for kultur, idrett og frivilligkeit vart vedteke;

- ei krisepakke på 20 mill. kr til idrettsfeltet i Bergen
- ei krisepakke på 30 mill. kr til kunst og kulturfeltet i Bergen.
- 5 mill. kr til ideelle aktørar og tru- og livssynssamfunn.

Dette vert dekkja ved bruk av disposisjonsfond. Alle summane som vert løyvd i kommunen sine tiltakspakker er i utgangspunktet eingongsløyingar. Bystyret vil i arbeidet med 1. tertial, 2. tertial og budsjettet for 2021 vurdere behovet for om tiltaka skal vidareførast eller gjerast varige.

#### Sunnfjord kommune

Utval for samfunn, kultur og næring vedtok 23.04.2020 at Sunnfjord kommune vil legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane som koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet. Sunnfjord kommune opprettheld driftsmidlar løyvd gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur- og idrettslivet i kommunen, sjølv om aktiviteten i organisasjonane vert endra eller avgrensa som følgje pålegg frå styresmaktene i samband med koronasituasjonen. Sunnfjord kommune vil ikkje krevje attende allereie løyvde midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst som følgje av styresmaktene sine råd og pålegg.

#### Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke om lag likelydande vedtak som Vestland fylkeskommune ang. løyvde driftsmidlar og midlar til prosjekt og tiltak.

I tillegg har MRFK vedteke tiltakspakkar for nærings- og samfunnsliv som etter handsaming i fylkestinget 21. april er på 190 millionar kroner. Dette er finansiert av driftsfond.

For å stimulere til sysselsetting og framleis verdiskaping i Møre og Romsdal, tilrår fylkeskommunedirektøren to tiltak på kulturfeltet. Desse tiltaka kan ha positiv verknad for verft, handverksbedrifter, forskingsmiljø, kultur- og opplevingsbedrifter og for kunstnarane i Møre og Romsdal. Dette gjeld to tiltakspakkar på total 22 millionar kroner til kultursektoren fordelt på:

- 12 millionar kroner sett av til digital scene for formidling av kunst og kultur.  
Gjennom denne ordninga ønskjer ein å stimulere til at det blir produsert og formidla kunst og kultur digitalt i Møre og Romsdal. Ved innføring av det nasjonale forbodet mot kultur- og idrettsarrangementet, mista kunst- og kulturformidlarar inntektsgrunnlaget sitt. Dette råka også heile verdikjeda til kulturfeltet. Samtidig ser ein betydinga kunst og kultur har no, og korleis kulturfeltet tek i bruk nye digitale arenaer for å gi eit tilbod no når vi ikkje kan samlast til konserter, kunstutstillingar, teater, mm. Dei som kan søke på ordninga er kunstnarar, arrangørar og formidlingsarenaer i Møre og Romsdal, og profesjonelle leverandørar av teknikk- og lydtenester.
- 10 millionar kroner til tiltak på kulturfeltet  
Det blir arbeidd med å skaffe ein førebels oversikt over konsekvensen koronapandemien har fått for kulturfeltet. Midlane er tenkt brukt til å kompenserer manglende nasjonale tiltak og/eller til å styrke nasjonale tiltak. Aktuelle område er mellom anna :
  - Kompenasjons- og/eller stipendordningar til aktørar i kulturfeltet som får bortfall av inntekter, t.d. billettinntekter. Dette gjeld både institusjonar, festivalar og andre aktørar i feltet. Både dei som allereie har driftstilskot frå fylkeskommunen, og dei som ikkje har ei slik støtte.
  - Rehabilitering av historiske fartøy og bygningar av regional verdi

- Skjøtsel av friluftsområde, kulturminne og verdsarvområde
- Kompetansehevande tiltak for aktørar innan kulturelle og kreative næringar, inkl. produktutvikling
- Kjøp av forskingsoppdrag på temaet folkehelse, for å styrke kommunane sitt kunnskapsgrunnlag for arbeid på fagfeltet

#### Kommunenes Sentralforbund

KS har, i mangel på eit eige kulturnettverk for kommunane, gjort ei lita undersøking hos nokre utvalde kommunar. Dei har spurt om kva konsekvensar Kovid-19 har for kommunal kultursektor. Fylkesrådmannen har trekt fram nokre av frå kommunane. Alle innspela ligg ved.

- Kva praktiske konsekvensar har situasjonen?
  - Stengte institusjonar og frivillige aktivitetar er stengt ned eller utsett aktivitet, t. festivalar, 17. mai.
  - Kulturskolen har nettbasert undervisning
  - Digitalisering skapar nye forretningsmodellar. Nye vinnarar, men og taparar i den kulturelle næringsskjeda.
- kvar er det økonomiske tap kort sikt?
  - Tap av inntekter på kort sikt, kan føre til at aktørar ikkje klarer å komme på banen igjen, nokon fell mellom ulike sentrale støtteordningar
  - Kommunar med økonomiske utfordringar før pandemien, får forsterka utfordringa for kulturlivet i prioritering mellom lovpålagte, og ikkje lovpålagte tenester.
- Kva eigne tiltak vert sett i verk?
  - Drifte så normalt som mogleg
  - Kultureininga må være ein igangsetjar, samordnar, tilretteleggjar for tiltak med lokale aktørar, både frivillige og profesjonelle
  - Bidra med informasjon og bistand om støtteordningar
  - Utbetale tilskot som før, tilskot vert ikkje trekt attende der tiltak ikkje vert gjennomført
- Kva er dei positive konsekvensane av situasjonen?
  - Situasjonen har også løyst ut nye fruktbare samarbeid mellom kommune og frivillige /næringsliv som ein bør vidareføre
  - Det er blitt veldig synleg kor viktig der er at innbyggaren, og særleg dei unge, har tilbod om kulturelle og fysiske aktivitetar.
  - Fokuset på sårbare grupper har blitt tydelegare
  - Situasjonen har utfordra egne tenester til å teste ut nye, digitale måtar å formidle på.
  - Det er ein aktiv vilje til nytenking og problemløysing i kommunen som det er en stor verdi i å vidareføre.

#### Private aktørar

##### Sparebankstiftingane

Ei rekke private aktørar gir gåvemidlar, sponsar og finansierer deler av kulturlivet. Det er ei uro m.a. blant festivalarrangørane om korleis sponsormarknaden vert i framtida, og om det vert større rift om færre sponsormidlar når arrangement vert avlyst. Dette er eit spørsmål som vil avklarast over tid, fylkeskommunen vil følgje med på utviklinga i sponsormarknaden.

Sparebankstiftingane i regionen forvaltar store fond som skal gå til samfunnsnyttige føremål.  
Sparebankstiftinga

Sparebanken Vest opprettar eit ekstraordinært Korona-fond på 100 millionar kroner. Dette for å kunne støtte lag og foreiningar på Vestlandet som vil tape pengar eller gå glipp av inntekter på grunn av korona-epidemien.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane lyser ut ei ekstraordinær søknadsrunde i vår i tillegg til ordinær tildeling. Dette for at ein kan søkje om gåvemidlar for å møte dei utfordringane korona-tiltaka har skapt; eventuelt kva nye prioriteringar organisasjonane har i denne nye verkelegheita.

I 2019 gjekk 2,5 milliardar frå sparebankstiftingane til føremål innan kultur, idrett og frivillig arbeid.

Eit framlegg om utbytteforbod i koronatida kunne påverka denne summen monaleg. Det er ikkje sett i verk eit forbod mot å ta ut utbytte, men finansministeren har uttalt at han forventar «måtehold» frå bransjen i å ta ut overskot til privat utbytte.

Kulturrom (tidl. Musikkverkstadordninga)

For å bidra til å sikre levedyktige øvingsanlegg og å sikre at ein kjem kjapt i gang igjen med arrangement når krisa er over, set Kulturrom sju millionar kroner til prøveordningar og midlertidige ordningar for øvingsanlegg med tapte leigeinntekter.